

## SAK 04/20 FORSIKRING, SAMARBEID FØREBYGGJANDE ARBEID

### Saksopplysing

Kommunane i Hallingdal etablerte forsikringssamarbeid med felles forsikringsavtale frå 1998. Forsikringsavtale er ute på anbod om lag fjerde kvart år, der anbodsprosess blir gjennomført i regi av Regionrådet for Hallingdal.

Føremålet med forsikringssamarbeidet er m.a.:

- Profesjonalisering av kommunane som kjøpar i forhold til forsikring
- Ei samordna ordning som fører til betre tilbod
- Meir bevist og aktive i forhold til førebyggjande arbeid

Kommunane i Hallingdal har relativt gunstige forsikringar, fordi det er ein positiv skadehistorikk og det er eit samarbeid om felles forsikringsordning.

Gjeldande avtale 2019 – 2023 er delt mellom Gjensidige Hallingdal (eigedom, auto, ansvar, gruppeliv) og Protector (yrkesskade, ulykke).

Frå 1998 til 2019 har samla forsikringsordning for kommunane i Hallingdal endra seg frå omlag ..... Reduksjon ved siste anbodsrounde var i storleik 2,5 mill. kroner.

I avtale med Gjensidige kan det og koma til utbetaling eit kundeutbytte, som dei seinare åra har variert frå 10 - 14%. For 2019 utgjer det samla utbytte for kommunane i Hallingdal ca. kr. 800.000. Dette er eit utbytte som ikkje kan vurderast i samband med anbodskonkurranse og som heller ikkje kommunane budsjettera med.

I samband med felles forsikringsavtale vart det etablert ei ordning med eit eige forsikringsutval mellom kommunane i Hallingdal, Regionrådet for Hallingdal og Gjensidige Hallingdal (som i heile perioden har hatt ein del av forsikringsordninga). Av total forsikringssum går ein prosentdel (variert frå 2- 4%) inn i ein pott til skadeførebyggjande arbeid, som forsikringsutvalet har ansvaret for å administrere. Årlig beløp er no i storleik kr. 100.000.

Heile iden med forsikringsutvalet har vore ei bevisstgjering i forhold til skadeførebyggjande arbeid, og kunne ha mogelegheit til å setja i verk tiltak.

Døme på tiltak er:

- Refleksaksjonen for 1.-klassingene
- Kurs for 8. klassingane
- Korleis sikre eldre mot brann, kurs for heimehjelparar
- Kompetanseoppbygging av frivillig branmannskap
- Glattkøyringskurs heimehjelparar
- El-kontroll kommunale bygg og anlegg
- Trygge Lokalsamfunn

Å måle effekt av ein del av tiltaka er nesten umogeleg. Det handlar i stor grad om å tru på at haldningsskapande og førebyggjande arbeid er god investering. I forhold til t.d. el-kontroll kommunale bygg er det enklare å synleggjera gevinstar. Vedlagt utdrag av rapport termofotografering 2010 syner to tilfelle som kunne fått svært alvorlege konsekvensar.

Spørsmålet i denne saka er om det kan vera føremålstenleg å auke potten til skadeførebyggjande arbeid ved at ein prosentandel av kundeutbytte går inn i denne potten.

### **Vurdering**

Det er ingen tvil om at eit bevisst forhold til haldningsskapande og skadeførebyggjande arbeid løner seg. Dette er noko kommunane arbeidar med kvar dag på mange ulike felt. Samstundes ligg det eit potensiale i forsikringssamarbeidet, der kommunane kan gjennomføre tiltak i fellesskap, m.a. basert på den kunnskapen som skjer i forsikringssamarbeidet. I tillegg bidreg forsikringssamarbeidet til at kommunane i Hallingdal set seg sjølv i ein betre forhandlingsposisjon, i forhold til å forhandle fram gode avtaler. Dette er element som lett kan undervurderast, men som gong på gong har synt seg å vera eit godt forhandlingskort.

Etter dagleg leiar sitt syn er det gode grunnar til å auke potten til skadeførebyggjande arbeid ved at ein prosentandel av kundeutbytte går inn i denne potten.

### **Forslag til vedtak**

Regionrådet for Hallingdal rår til at 15% av kundeutbytte frå forsikringsavtale mellom kommunane i Hallingdal og Gjensidige Hallingdal (2019 – 2023), blir disponert av felles forsikringsutval, til arbeid med haldningsskapande og skadeførebyggjande arbeid.

Ål 27.1.2020

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg:

1. Utdrag rapport termofotografering 2010
2. Medieoppslag Hallingdølen (1997, 2005)




# Resultater termografering – Hallingdal våren 2010.

Kommune	Antall bygg	OK	Kat. 1	Kat.2	Kat.3
Gol	17	17			
Hol	16	10		5	1
Ål	29	23		4	2
Hemsedal	6	2		3	1
Flå	7	5		2	
<b>Total</b>	<b>75</b>	<b>57</b>		<b>14</b>	<b>4</b>



- **Kategori 0 = Intet avvik** ; - ikke behov for noe tiltak.
- **Kategori 1 = Mindre avvik** ; - overvåkes, ny kontroll avtales.
- **Kategori 2 = Viktig avvik registrert** ; - utbedres snarest mulig.
- **Kategori 3 = Alvorlig avvik** ; - omgående utbedring nødvendig.

**Fotografi**

Sted:	<b>Ventilasjonsrom/tavle 3etg</b>
Utstyr:	<b>Kontaktor/motorvern K6</b>
Status:	<b>Varmegang</b>
Fase:	<b>L2</b>
Dato:	<b>09.03.2010</b>
Last L1:	<b>15A</b>
Last L2:	<b>15A</b>
Last L3:	<b>15A</b>
Avvikskategori:	<b>3</b>

**Termogram**

<u>Objektparameter</u>	<u>Verdi</u>
Driftstemperatur:	<b>63.8 °C</b>
Makstemperatur:	<b>*133.3 °C</b>
Temp.forskjell:	<b>69.5 °C</b>

**Avvikskommentar**

Varmegang mellom kontaktor og motorvern. Pga den høye temperaturen og synlige skader etter varmegang bør både kontaktor og motorvern byttes. Vaktmester ble innformert på stedet, slik at dette blir gjort så fort som mulig. Det ble også registrert at det også hadde vært høy temperatur på kontaktor K2 sort fase, slik at denne også sjekkes / kobles til på nytt.

# Kommunane i Hallingdal vurderer felles forsikring

Hallingdalskommunane prøver no gjennom Regionrådet for Hallingdal å oppnå felles avtale på skade- og personforsikring.

Tilbodet skjer etter EØS-reglane, og inneber dermed ein heilt open konkurranse mellom alle interesserte selskap. I dag har kvar kommune sine av-

talar med forsikringselskapa. Det er Storebrand og Gjensidige som er har dei mest omfattande forsikringsavtalane i dalen.

## Millionar

Hallingdølen får opplyst at Hallingdalskommunane grovt rekna betalar mellom fem og seks millionar kroner til saman årleg i forsikringspremie. Kor mykje mindre denne summen kan bli med eit forsikrings-samarbeid kommunane imellem, er ikkje godt å seie. Det vil tilbods-

runnen gi svar på. Røynsler frå andre område er syner at det er pengar å spara.

## Vent

Regionrådsleiar Knut Arne Gurigard skriv i eit brev til hallingdalskommunane at dei må vente med å betala forsikringspremier etter gjeldande avtalar for 1998. Han oppmodar kommunane om at dei må be om å stå fritt med omsyn til fornying av avtalane, frå fyrste forfall.

► OLAV J. BØTHUN

## Vurderer å kjøpe Jøli-bygget

Hallingdal Renovasjon AS vurderer no om det går an å bruke lokalene etter Jøli Safe med tanke på eit kjelde-sorteringsanlegg.

Dagleg leiar Birger Sorteberg seier industribygget kan vera aktuelt som eit alternativ til eit nytt bygg dersom det tilfredsstiller dei nødvendige kriteria. Han understrekar at førebels er ingenting avklara.

- Det blir billegare, men litt mindre rasjonelt å kunne bruke Jøli-bygget framfor eit nytt bygg nær forbrenningsanlegget. Me må og sjå om det går an å koma fram til samarbeidsløysingar med andre. Det verkar lite aktuelt for oss å bruke heile bygget, seier han.

# Kokk som kan svinge penselen

Måndag 10. november opnar ei ny utstilling i Geilo bibliotek i rekka av lokale amatørkunstnarar.

Denne gongen er det Sverre Gunnæs sin tur. Han stiller ut 15 oljemåleri, pluss ein del av steinsamlinga si.

- Eg målar fordi det er moro og avslappende, seier Gunnæs, som er utdanna kokk og har arbeidd i hotell- og restaurantbransjen på Geilo sidan 1964.

## Mentalhygiene


Men dette faget legg beslag på mange helger i løpet av eit år. Og då Gunnæs med åra fekk lyst til å prioritere familie og

barnebarn, har han no skifta beite og arbeider som kjøtskjærar på VBS-slakteriet på Gol.

- For meg er det mentalhygiene å sette meg med målarsaken. Då gløymer eg alt anna. Og eg målar når eg har lyst, det hender det går eit år mellom kvar gong. Det er det som er så fint med denne hobbyen, at den ikkje er forpliktande, seier Gunnæs.

## Gjekk på kurs

For mange år sidan gjekk han på fleire målarkurs som Bjørn Mauseth heldt. Og dette vart inngangen til hobbyen, som etterkvar har sett tydeleg preg på veggane i bustaden på



Sverre Gunnæs stiller ut måleri og stein på Geilo bibliotek.

## Fossgårdfeltet på Geilo.

- Motiva finn eg dels i fantasi, dels på ferieturar der eg fotograferer biletene som eg seinare målar etter, og dels kopierer eg andre sine biletene. Det er ein kjend teknikk i målarfaget å kopiere større målarar, då får ein eit bedre innsyn i teknikk og fargeval. Forøvrig kan eg gjerne understreke at eg er naturalist - eg likar å sjå kva eg målar, seier Gunnæs.

## Sann amatør

Dei 15 biletene som blir vist i

Geilo bibliotek har motiv frå Ustedalen, Jotunheimen og Nordfjord.

Sverre Gunnæs forsikrar at han er ein sann amatør i faget. Han gir bort biletene til familie, venner og kjende, og han har ingen planar om å selge. Han målar for sin eigen del og tenkjer ikkje på kva andre synst.

- Det kan godt hende at mange ikkje syns desse biletene er fine. Det tek eg ikkje tungt. Eg likar å måle og er fornøgd sjølv. Dessutan syns eg det er

hyggeleg at amatormålara får hove til å vise fram biletene sine lokalt. Det blir produsert mykje fint på amatørbasis rundt i heimane, både av kunst og brukskunst, seier han.

Gjennom mange år har Sverre Gunnæs også samla stein, og ein del av dette materialet vil bli stilt ut i ein egen monter. Utstillinga varer fram til 6. desember.

► SIGMUND KRØVEL-VELLE

## Slaatto Sag og Høvleri får 135.000 til kjøp av høvelmaskin

Hovudutval for næring- og ressurs i Ål kommune går inn for å løye inntil 135.000 kroner til Slaatto

Sag og Høvleri si bedrift på Torpo. Formålet er innkjøp av ny høvelmaskin. Kommunen vil dermed

løye inntil 15 prosent av dei dokumenterte kostnadane ved investeringa.

## 1 AV 3 VIL FÅ KREFT. 3 AV 3 TROR DET IKKE BLIR DEM.

Kreft er ikke en sykdom på retrett. Tvert i mot.

Det er mange flere som får kreft i dag, enn noen gang før.


Men heldigvis finnes det håp. Det er mange lovende

forskningsprosjekter som kan gi deg livet tilbake, hvis du skulle bli rammet.

Gi litt mer enn du hadde tenkt på søndag 9. november.

Vi ville ikke spurt på denne måten, hvis vi ikke virkelig trengte et krafttak mot kreft nå.

TV-AKSJONEN KAN BLI DITT LIVS INVESTERING.



**KUNST & HÅNDVERK**  
KUNST OG HÅNDVERKSMESSEN

Mesetelefon:  
22 43 94 00 – 22 43 77 75

6-9 NOVEMBER

## Spleisa seg til stor gevinst

Dei satsa 100 kroner kvar på ein felles V75-kupong. Og julenissen var tidleg ute på Geilo dette året. 660.000 kroner er ingen därleg førjulspresang.

**Kjell Siåtten**

ks@hallingdolen.no

Dei hadde kanskje fagkunnskapen inne, dei 45 venene frå store delar av landet som møttest til julebord på Bardøla i helga. Det er nettopp interessa for hest som bind dei saman, og som fekk dei til å samlast på Geilo. Men fagkunnskap er sjeldan nok til å hale i land stor gevinst, verken i trav eller fotballtipping.

Det var det likevel for vennengjengen på Bardøla, som også talde enkelte lokale. Før V75-løpa i Stavanger laurdag, satsa dei ein hundrelapp kvar og sette opp ein felles kupong som vart stempla inn i Geilokiosken.

Og dei firbeinte på Forus sprang slik dei skulle. Eller kanskje rettare sagt, slik Bardøla-gjengen hadde teke høgde for at dei kunne. No ventar det ein sjekk på 660.000 kroner frå Norsk Rikstoto. Det er rett nok mange å dele på, men nær 15.000 kroner er likevel fin avkasting av ein hundrelapp ein laurdag ettermiddag i førjulstida. Og det la neppe nokon dempar på det etterfølgjande julebordet!

## Kyrkjemøte i Flå

Onsdag er det møte mellom formannskapet i Flå, rådmannen og økonomisjefen og Biskopen i Tunsberg, pluss lokale representantar for kyrkja. - Eg håpar kyrkja på møtet oppklarar ein del misforståingar og angrep som har kome siste tida, seier Lars Ole Skogen som er rådmann. Flå kommune stiller med varaordførar Ole Johnny Stavn på møtet. Bakgrunnen for møtet er at kyrkja meiner Flå kommune ikkje oppfyller sine økonomske plikter over for kyrkja.

## 4,6 millionar egg om dagen

Dei siste to vekene før jul kjøper vi dobbelt så mange egg som elles i året - til saman 64 millionar. På ein vanleg dag kjøper vi 2,3 millionar egg, men akkurat no i førjulstida vert det seit 4,6 millionar egg kvar einaste dag. (NPK)



**Signering:** Rådmannen Fred Arne Kramer skriv under på vegner av Nes kommune. Bak f.v. rådmann i Ål Trond Kleppen, rådmann i Hemsedal Gabriel Johannessen, leiar i Regionrådet for Hallingdal Knut Arne Gurigard, Magne Medgard i Gjensidige Hallingdal, rådmann i Hol Kari Nordheim Larsen og rådmann i Gol Lorents Letnes.

# Felles forsikring

Hallingdalskommunane har inngått ei felles forsikringsavtale med Gjensidige Hallingdal.

**Stein Torleif Bjella**

stb@hallingdolen.no

Fredag vart den største forsikringsavtala i Gjensidige Hallingdal si historie underskrive. Avtala er med hallingdalskom-

munane og har ein årspremie mellom 7 og 8 millionar kroner.

### I fire år

Alle dei seks hallingdalskommunane er med på avtala som omfattar blant anna forsikring på bygningar, lausøre, køyretøy, ansvar, formuesskade og personforsikring - bortsett frå pensjonsforsikringane, som framleis er hjå Komunal Landspensjonskasse (KLP - forsikring). Rammeav-

tala gjeld for i fire år framover.

Samarbeidet inneheld også avtaler om skadeførebyggjande arbeid i kommune og ut mot innbyggjarane.

### Sats lokalt

- Hallingdalskommunane er no vår største enkeltkunde, og avtala krev mykje av oss. Me er glade for at kommunane satsar lokalt. Det er viktig for dalføret, sa Magne Medgard som er dagleg leiar i Gjensidige Hal-

lingdal. Han seier avtala er verdt rundt 6 prosent av omsetninga til forsikringsselskapet som omset for 120 millionar i året.

### Forhandlingsgruppe

Det er rådmennene Fred Arne Kramer, Lorents Letnes, leiar i Regionrådet for Hallingdal Knut Arne Gurigard saman med ein utanforståande konsulent som har forhandla fram avtala med Gjensidige på vegner av kommunane.

## To menn tekne etter innbrot

To menn vil tysdag bli framstilt for varetektsfengsing etter eit innbrot på Shellstasjonen i Nes.

**Olav J. Bøthun**

oje@hallingdolen.no

Det var ved 0300-tida natt til mandag at alarmen gjekk ved bensinstasjonen som ligg like ved Rv7 i avkjøringa til Nesbyen.

### Speleautomatar

Det skulle seinare syne seg at det var to menn som hadde trengt seg inn i lokala. Det primære målet deira var å ta kontantar frå speleautomatane i lokalet. Då innehavaren kom på staden, var tjuvane borte. Desse vart

seinare stoppa i Sigdal av ein politipatrulje frå Modum lensmannskontor.

### Opprulling?

Politiet trur pågripinga kan føre til oppklearing av fleire liknande saker i området Nes/Gol. Nes lensmannskontor er førebels sparsam med opplysninga om saka. Politiførstebetjent Roy Riksvold opplyser at dei to mennene er 27 år gamle. Han vil elles av omsyn til etterforskinga ikkje seie noko om kvar dei bur, eller om dei tilhøyrer spesielle miljø.

## Ål støttar Vats gardsmat

Tre sauebønder i Vats som ynskjer å starta foredling av kjøt frå eigne dyr, får 75.000 kr i støtte frå Ål kommune.

**Håvard Folkedal**

hf@hallingdolen.no

Pengane skal nyttast til eit utvida forprosjekt for mellom anna å sjå nærmare på lønsemada i tiltaket. Selskapet Vats gardsmat har planar som inneber ei investering på ca 1,3 mill. kr.

Vedtaket om å støtte arbeidet vart gjort samråystes i Ål kommunestyre før helga. Kommunen er innstilt på å kunne yte meir dersom etableringa blir

gjennomført. Dei som står bak planane, er Jan Ole Hovdegard, Einar Ådnegard og Lars Ivar Brattegard. Dei tenker i utgangspunktet på ei bedrift som skal foredle 300 lam. Dei vurderer å knyte Bergsjø-namnet til produkta sine og tenker i fyrste omgang på å selja produkta lokalt, til fastbuande og feriefolk.

I kommunestyret rosa Knut Oleivsgard (Sp) initiativet til dei tre.

- Dette er spennande nyting i landbruksområdet. Verdiskapinga som dette representerer, er også ein føremønn for bygda og betyr distriktsutvikling. Nisjeprodukt og spesialitetar med sær preg som folk er villige til å betale for, har framtidia for seg, sa Oleivsgard.